

20.08.2009

## Sesongstart for skulekorpset tysdag



Anders Christensen held fram som dirigent. Her har han første time med tre av dei nye aspirantane: Harald Myklebust Lekva, Sindre Ullebust Feet og Sunniva Ersland Myklebust. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Tysdag har skulemusikken den første øvinga i den nye sesongen, men ein halvtime før det (klokka 18) vert det eit kort møte med dei nye i korpset - fjarårsaspirantane - med foreldre, opplyser Thor Inge Døssland.**

- Då vil vi gje litt informasjon om det å spela i korps og tilbodet vårt til dei. Vi håpar dei gler seg til å byrja i korpset, seier Thor Inge.

Sjølv gler han og styret seg til ein ny sesong og ser fram til ein fin start på tysdag.

- Kva ligg til grunn for denne optimistiske haldninga?

- Vi synest at vi har hatt eit godt musikalsk oppsving, særleg dei to siste sesongane, og vi er glade for at Anders Christensen held fram som dirigent.

I tillegg har vi jo store forventningar til at Marius L. Torjusen vert med som hjelpedirigent. Dette er viktig for å kunna gje eit godt tilbod til alle - både dei yngste og dei som har spela eindel år.

- Og kva står på programmet framover?

- Vi håpar sjølvsagt å følgja opp dei gode sesongane vi har hatt. Det er spennande ting på gong, men vi har ikkje setla programmet enno.

Korpset er påmeldt til Karmøy Brassfestival i september. Det er ein populær og årvisst knagg.

Ellers ønskjer vi at musikantane skal koma med forslag til aktivitetar.

Vi har også kjempegode erfaringar med deltagning i NMF sine sommarkurs i Ølen og på Moi og dette må vi følgja opp også i år.

Av Ola Matti Mathisen